



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03

Frivillig vern av skog - Oppstartsmelding verneprosess - 3 skogområde i Rogaland, januar 2026

Statsforvaltaren i Rogaland kunngjer, med heimel i § 42 i naturmangfaldlova, oppstart av verneprosess for tre nye skogområde i Rogaland. Områda er tilbudd gjennom ordninga frivillig vern av skog. Føremålet med oppstartsmeldinga er å innhente synspunkt på og meir kunnskap om dei foreslåtte områda, og å sikra medverknad før det blir laga eit konkret verneforslag. Når innspelsperioden er over, vil det utarbeidast eit høyringsforslag med framlegg til verneforskrift og vernekart. Verneforslaget skal ut på offentleg høyring, før Statsforvaltaren si tilråding av verneforslaga blir sendt til Miljødirektoratet.

Innspel på kan sendast til Statsforvaltaren i Rogaland innan 4. februar 2026, sfropost@statsforvalteren.no merk e-posten med referansen 2026/50.

Med heimel i naturmangfaldlova § 42, melder Statsforvaltaren i Rogaland oppstart av verneprosess for tre nye skogområde:

- **Djupalia** i Sandnes kommune, ca. 1450 daa, eigd av 1 grunneigar.
- **Riskadalsvatnet** i Hjelmeland kommune, ca. 224 daa, eigd av 1 grunneigar.
- **Strondå** i Tysvær kommune, ca. 396 daa, eigd av 1 grunneigar.

Aktuell verneform er naturreservat etter naturmangfaldlova § 37, jf. § 34. Området er tilbudd gjennom ordninga med [frivillig vern av skog](#), der grunneigarane får erstatning for skogen.

Forslag til vernekart og naturfaglege rapportar, finst på heimesida til [Statsforvaltaren i Rogaland](#) under Miljø og klima > Verneområde, eller kan sendast på e-post ved førespurnad. Området blir også kartfesta i [Naturbase](#) og [Temakart Rogaland](#) som *Foreslåtte verneområder*.

Innleiing om verneprosessen

Me gjer særleg merksam på at kartet ikkje er eit verneforslag, men det arealet som skal vurderast vidare i verneprosessen. Til dømes kan det vere kunnskap og vurdering av verneverdiar som ikkje er heilt avgjort, grensene kan justerast etter innspel og det kan koma innspel om stiar eller anna som



bør teiknast inn på vernekartet. Etter at innspelperioden er over, blir eit verneforslag utarbeidd med forslag til vernekart og forslag til verneforskrift. Desse blir også avklart med grunneigarane. Verneforslaga sendast ut på offentleg høyring. I høyringa blir innspela omtalt og Statsforvaltaren grunnleggjend endringar og eventuelt kvifor innspel ikkje fører til endringar. Etter at nye innspel på verneforslaga i høyringsrunden er gjennomgått, blir eit endeleg verneforslag utarbeida. Det endeleg verneforslaget blir sendt som ei tilråding til vern til Miljødirektoratet og alle høyringsinstansar. Miljødirektoratet skal så utarbeide si tilråding til Klima- og miljødepartementet. Ein må forventa at det kan koma endringar i kart og forskrift gjennom heile verneprosessen. I løpet av prosessen må også grunneigarane også ta stilling til om dei aksepterer og signerer erstatninga dei blir tilbudd.

Kort om overordna formål med vern

Skogvernet skal medverka til å nå nasjonale målsetnader¹ for naturmangfald som Stortinget slutta seg til gjennom bl.a. handsaming av Meld. St. 14 (2015-2016)² *Natur for livet* og Meld. St. 35 (2023-2024)³ *Bærekraftig bruk og bevaring av natur* og FNs Naturavtale (desember 2022)⁴. Hovudbodskapen i desse er eit mål om å stoppe og reversere tapet av natur og økosystem. Vidare at økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester, at ingen artar eller naturtypar skal utryddast, og at eit representativt utval av norsk natur skal tas vare på for komande generasjonar. Skog husar om lag 60 % av alle artane me kjenner i Norge, og dei fleste plantar, dyr og sopp føretrekker livsmiljø med variasjon i type, alder og høgde på trea, og skog som inneheld død ved (Sabima). Ei rekke trua og nær trua naturtypar og halvparten av alle trua og nær trua artar er bunden til skog og skogsmiljø. Dei aller fleste av desse artane høyrer heime i den gamle urørte skogen, og fleire artar av lav, insekt, sopp og fugl er avhengig av gammal skog og død ved. Gjennom vern får skogen stå urørt og utvikle seg fritt, og mange livsmiljø vil sikrast. Skogvern er difor eit viktig og prioritert tiltak for å ta vare på norsk naturmangfald. Gammal skog er også eit viktig karbonlager. Over 80 prosent av karbonet i den boreale skogen er lagra i jordsmonnet og røtene til trea.

Stortinget har sett som mål å verna 10 % av skogarealet. Eit representativt utval av skogen tyder at det skal vernast alle typar skog som finst i Noreg. Derfor er det gitt føringar for kva typar skog som manglar i skogvernet i dag, og me leiter etter dei typane som manglar og har gode verneverdiar, er sjeldan og har førekomstar av trua og nær trua artar og/eller naturtypar.

Kunnskapskjelder

Rapportar frå naturfaglege kartleggingar kan lastast ned frå margin til høgre på sida på nettsida til Statsforvaltaren. Dei fleste områda blir kartlagt etter ein standard metodikk for skogkartlegging og resultata lagrast i verktøyet Skoganalyse. Rapport frå kartleggingane blir tilgjengelege og utarbeidast i Skoganalyse og nyttast når områder skal vurderast for vern. I [denne storyen](#) kan du lese om kva som inngår i analysane og korleis me vurderer om skog er verneverdig. For Djupalia og Strondå føreligg ein slik skoganalyserapport. For Riskadalsvatnet blei det vurdert at dei kartleggingane som var gjort i dette området var tilstrekkelege for å avgjere at området var godt eigna for vern. Området kring Riskadalsvatnet har blitt kartlagt for naturtypar og artar i fleire omgangar. Viktige kunnskapskjelder for slik informasjon er nasjonale databasar som Naturbase⁵ og Artskart⁶. Her finn ein kartlagde skogområde og naturtypar, registrerte artar og mogleg naturskog. Hos Artsdatabanken

¹ Miljøstatus [Norges klima- og miljømål - Miljøstatus \(miljodirektoratet.no\)](#)

² Meld. St. 14 (2015-2016) *Natur for livet* <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/>

³ Meld. St. 35 (2023-2024) <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-35-20232024/id3054780/>

⁴ Naturavtalen <https://www.regjeringen.no/no/tema/klima-og-miljo/naturmangfold/innsiktsartikler-naturmangfold/naturavtalen/id2987476/>

⁵ Naturbase <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

⁶ Artskart <https://artskart.artsdatabanken.no/>



finst vurderingar av raudlista artar⁷ og raudlista naturtypar⁸ og informasjon om ansvarsartar finst på sida *Arter av nasjonal forvaltningsinteresse*⁹ hos Miljødirektoratet.

Omtale og skildring av naturverdiar i verneforslaga

Djupalia

Foreslått verneområde ligg på nordsida av Lysefjorden i Djupalia, litt vest for garden Håheller. Arealet går langs sjøen frå Eiketona til Krossnes. Herifrå går grensa nokså rett opp til eigedomsgrensa ved kote 690 moh i nordaustleg hjørne, som også er det høgaste punktet. Avgrensinga følger eigedomsgrensa vestover til over eit søkk i terrenget der ein har eit vasskilje mot Daladalen og mot Lysefjorden. Grensa går herifrå mot sør og nedover fjellsida til det kjem inn meir tre og skog, kor den vender vestover igjen og følger terrenget litt ovanfor skogen til eigedomsgrensa i vest. Her følgjer avgrensinga i eigedomsgrensa ned til fjorden ved Eiketona.

Verneområdet treng eit anna namn enn Håheller som tilbodsområdet hadde, då det berre er ein liten del av tilbodet som har verneverdiar som det er aktuelt å verna. Håheller garden ligg utanfor arealet som no blir foreslått verna. Statsforvaltaren foreslår derfor namnet Djupalia som står sentralt på kartet i det foreslåtte området til vern. Me ønsker innspel angående namn.

Foreslått verneområde inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur i form av naturtypane lågurtedellauvskog (VU, trua i kategori sårbar) og frisk rik edellauvskog (NT, nær trua). Skogen inneheld mykje ask (EN) og innslag av alm (EN), lind (NT), svartor, hassel, eik, svartor, selje og furu. Det er bra førekomst av store gamle edellauvtre og død ved som gir skogen naturskogpreg. Skoganalyserapporten¹⁰ visar ein svært høg skogvernindeks, 6,17, for den nedre delen av skogen i foreslått verneområde. Dette skuldast mykje kalkrik bakkevegetasjon, dominans av edellauvtre, stor førekomst av raudlista naturtypar, samt store gamle tre og liggande og ståande død ved.

Statsforvaltaren vurderer at det foreslåtte verneområdet har stor verdi og fyller manglar i skogvernet på regionalt nivå ved at det har store areal med trua og nær trua naturtypar av rike edellauvskogar som er ein prioriterte naturtypar i vår region. Rike edellauvskogar kan husa ei lang rekke raudlista artar. Området dekkjer også manglar i skogvernet ved at det i hovudsak er lågareliggande areal (< 300 moh). Området ligg i sørboreal vegetasjonssone, men topografien i denne sørhallinga djupt nede i ein trong fjord med høge fjell gir eit varmekjært lokalklima og gode vekstforhold når sola står på frå sør. Dette skapar eit varmt og fuktig klima med mykje nedbør i sterkt oseanisk seksjon (O3).

I dei øvre delane av området er det mest bjørk, før området blir trelaust opp mot fjellet. Her er det bratte og steile fjellsider og fleire bekkekløftar som av sikkerheitsomsyn ikkje er undersøkte. Områda opp mot fjellet er tatt med både fordi det vernar område som naturleg har stor verknad på dei store verneverdiane i skogen lenger ned og fordi det kan gje rom for skogen å utvikla seg naturleg ettersom klimaet blir varmare.

Det vil vere eit visst økologisk nettverk til Griggelia naturreservat, vel 11 km mot vest på motsett side av fjorden som er næraste skogvernområde. Ulvaskog og Hesten naturreservat, ligg begge på nordsida lengst ute i Lysefjorden.

⁷ Norsk rødliste for arter 2021 <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/>

⁸ Norsk rødliste for naturtyper 2018 <https://artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>

⁹ Arter av nasjonal forvaltningsinteresse <https://kartkatalog.miljodirektoratet.no/dataset/details/21>

¹⁰ Skoganalyse Djupalia <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/CFB1C3F7-05B0-46F7-8DF4-CFAB1DD7A9C4>



Riskadalsvatnet

Tilbodsarealet ligg på nordaustsida av Riskadalsvatnet i Hjelmeland kommune. Det er ei sørvest-vendt lise med rik edellauvskog dominert av eik, ask, alm og lind.

Området kring Riskadalsvatnet har lenge vore kjent med eit rikt og verdifullt naturmangfald. Så tidleg som 1977/78 vart det kartlagt rik edellauvskog i dette området. I 2009 vart det kartlagt på nytt etter DN13 metodikk og fleire viktige naturtypar, mellom anna haustingsskog og hagemark, vart kartfesta og fekk store verdiar, A - svært viktig. Ein stor lokalitet med gammal boreal lauvskog vart avgrensa i det aktuelle tilbodsarealet og skildra slik «Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi det er ein velutvikla edellauvskog med innslag av haustingsskog, og dessutan betydeleg innslag av gammal lauvskog (temperert regnskog) og sørlege oseaniske raudlisteartar» (Garder, m.fl. 2010, s. 68¹¹). I 2019 vart området igjen kartlagt etter ny metode Kartlegging av Naturtypar etter NiN2, Miljødirektoratets kartleggingsinstruks. Denne kartlegginga stadfesta på ny områdets store verdi for naturmangfald. Tilnærma heile tilbodsarealet er kartlagt som haustingsskog, i tillegg er mykje av det same arealet avgrensa som høgstaude-edellauvskog (ein stor og fleire mindre lokalitetar), og to lokalitetar er kalkbjørkeskog og ein lågurtedellauvskog. Det store lokaliteten haustingsskog er riktig nok vurdert til svært redusert kvalitet, men dette skuldast at skogen har grodd myke att og har blitt tettare enn det som er vanleg i haustingsskogar i drift. Det er òg lenge sidan trea har vorte hausta/styva, > 50 år. For det biologiske mangfaldet er dette likevel ikkje eintydig negativt, for dette fører til ein meir naturleg utvikling av skogen som vil gje større naturskognærleik som er ein verdifull eigenskap i skogvernsamanheng.

Miljøregistreringar i skogbruket, MiS, har likeins avgrensa store areal med rik bakkevegetasjon, som er ein av deira einingar for å visa at område er viktige for biologisk mangfald.

Området som tilbodsarealet er ein del av har svært mange artsregistreringar og stor førekomst av trua og nær trua artar. Innanfor tilbodsarealet er det 42 registreringar av raudlisteartar, kor av 15 ulike artar. Av desse er fire av artane sterkt trua (EN), åtte er sårbare (VU) og tre er nær trua (NT). Dei tidlegaste registreringane vart gjort i 1977, mange i samband med kartlegginga i 2009 og flest i samband med eit lav-kurs i 2023. Det er mange fleire førekomstar av raudlisteartar i områda omkring, til dømes i naturbeitemarka som tilbodsområdet delvis omkransar.

Strondå

Tilbodsarealet ligg på vestsida av Hervikfjorden i Tysvær. Det omkransar tre små bruk innerst i Årvikvegen. Området er lågareliggande, frå kysten og opp til om lag 200 moh, i boreonemoral vegetasjonssone og klart oseanisk seksjon. Dette skapar eit varmt og relativt fuktig kystklima. Nedre del av området har høg og særskild høg skogbonitet og fyller med dette manglar i skogvernet og styrker verneverdiane ytterlegare. Øvre del av området går gradvis over i fattigare og meir bjørkedominert skog i overgangen til kystlynghei i gjengroing.

I dei sentrale delane av området er det eldre, fattig og svakt rik edellauvskog med eik som dominerer. Flaumskogsmark (VU) vart registrert i skogkartlegginga. Området inneheld også små areal med raudlista naturtypar som lågurtedellauvskog (VU), og rik svartorsumpskog (VU) (Statsforvalteren si eigen synfaring), men truleg vurdert til for liten storleik til kartfesting. I fuktige sig og søkk blir bakkevegetasjonen fort rikare enn områda rundt, og får lågurt- høgstaude-, rik sumpskogsutforming eller også mogleg påverking av kjeldevatn. Eikeskogen er eldre og det er avgrensa fleire område med store gamle tre, og ein god del store gamle eiker kvalifiserer til

¹¹ Garder, Jordal, Fjeldstad og Johnsen. 2010 https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-rogaland/dokument-fmro/miljo/rapportar/jordal_mfl_2009_natypkartlegg_rog_2009skjerm.pdf



naturtypen hol eik (anslått om lag 20), utan at dei har vorte registrert som det. Det finst fleire ospeholt med osp av god storleik og nokre hule tre. Dette er verdifulle habitat for spettefuglar. Det er noko kontinuitet av død ved, men fordelinga er ujamn. Skoganalyserapporten¹² visar ein skogvernindeks på 3,08 for heile tilbodsområdet som ikkje er ein veldig høg verdi, men ved å avgrensa dei mest verdifulle areala aukar verdien til 3,5. Verneverdiane ligg i eldre edellauvskog med delvis kalkrik bakkevegetasjon, god variasjon av kartleggingseiningar, bra førekomst av store gamle tre og mykje osp.

Strondå vurderast som eit verneverdifullt område med betydeleg naturfagleg interesse. Området har en kombinasjon av rik bakkevegetasjon med edellauvtre, store og hule tre, raudlista naturtypar, trua og nær trua arter og låg påverking frå fremmande arter. Registrerte raudlisteartar av plantar er ask (EN), purpurlyng (NT) og ramslauk (NT). Av fuglar er det registrert granmeis, fiskemåke, horndykker og ærfugl. I tillegg er det registrert mykje spetteartar.

Kort om verknader av vern

Områda som blir verna, vil gjennom verneforskrifta få restriksjonar for bruk. Områda skal vernast mot alle former for inngrep som kan strida mot verneformålet. Restriksjonane gjeld i første omgang at det vil bli forbode å øydelegge eller ta med seg alle formar for plantemateriale, både levande og dødt, og at dyr, krypdyr, fuglar og insekt er verna mot skade, forstyrring og øydelegging. Vernet vil ikkje vere til hinder for vanleg, enkelt friluftsliv, men sterk tilrettelegging, er ikkje ønskeleg. Etablering av nye anlegg vil vera utelukka, om ikkje anna er nemnd i verneforskrifta. Verknadene er ikkje omtala fullstendig her, men vil handsamast nøye under arbeidet med verneforskriftene til kvart enkelt verneområde. Eigeomsretten i området vil også etter etablering av vernestatus vere dei eksisterande grunneigarane sin, men skogen og trea eig Staten.

Det er ikkje kjent særlege høve ved verken Djupalia, Strondå eller Riskadalsvatnet som treng omtalast her. Det går ein enkel luftleidning med straum til hus og hytter innerst i Årvikvegen og Strondå.

Områda er samordna med landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren og samordningsskjema med avveging av områda sin betydning for skogvern versus betydning for skog- og trenæringa vil bli lagt på heimesida til Statsforvaltaren når dei er heilt klare.

Proessen vidare

Etter å ha motteke innspel på oppstartsmeldinga om verneprosess, vil Statsforvaltaren gå gjennom desse og byrja arbeidet med å fastsette verneforslaget sin avgrensing (vernegrense) og verneforskrift, samt å utforme høyringsdokumentet som inneheld kunnskapsgrunnlaget for verneforslaget og ein gjennomgang av alle innspela og Statsforvaltars vurdering av desse. Verneforslag og verneforskrift vil saman med høyringsdokumentet sendast ut på samordna lokal og sentral høyring. Kunnskapsgrunnlaget saman med høyringsdokumenta og framlegg til vernegrense og verneforskrift vil være grunnlag for Statsforvaltaren sin tilråding om vern til Miljødirektoratet. Miljødirektoratet vil deretter laga si tilråding til Klima- og miljødepartementet (KLD). Til slutt vil KLD samordne sak for kongeleg resolusjon basert på Miljødirektoratet sin samla tilråding nasjonalt.

¹² Skoganalyse Djupalia <https://skoganalyse.miljodirektoratet.no/report/CFB1C3F7-05B0-46F7-8DF4-CFAB1DD7A9C4>



Innspel til oppstartsmeldinga

Me er svært takksame for synspunkt på og kunnskap om naturverdiar, brukarinteresser og anna. Me ønsker innspel som kan bidra til gode løysningar for både vern og bruk. Innspel kan sendast med brev eller e-post til Statsforvaltaren i Rogaland.

Frist for å sende innspel til oppstartsmeldinga er sett til 4. februar 2026.

Postadresse: Statsforvaltaren i Rogaland, Miljøvernavdelinga, Pb. 59, 4001 Stavanger

E-postadresse: sfropost@statsforvalteren.no.

NB! Merk førespurnaden med vår referanse 2026/50. Hugs også namn på omtalt område.

Dette brevet blir sendt til grunneigarar og naboar av verneområda som er føreslått, alle kommunar i Rogaland, samt aktuelle lokale, regionale og nasjonale høyringsinstansar. Ein kan også finna denne informasjonen på heimesida vår

Ta gjerne kontakt med saksbehandlar hos Statsforvaltaren i Rogaland dersom dykk har spørsmål. Solbjørg Engen Torvik, 51 56 88 03, solbjorg.torvik@statsforvalteren.no

Med helsing

Cathrine Stabel Eltervåg (e.f.)
fylkesmiljøvernssjef

Solbjørg Engen Torvik
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Oppstartskart_Djupalia
- 2 Oppstartskart_Riskadalsvatnet
- 3 Oppstartskart_Strondå
- 4 Adresseliste OPPSTARTSMELDING januar 2026